

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-122	19/970

Saksnr	Utval	Type	Dato
054/20	Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)	PS	24.06.2020

Uttale - Regionalplan for klimatilpassing i Rogaland

Rådmannen si innstilling

Suldal kommune støtter opp under dei mål, delmål, satsingsområde og retningslinjer som planen legg opp til. Planen vurderast å være eit godt styringsdokument for kommunen sitt vidare planarbeid, ikkje minst kommande rullering av kommuneplanen.

Det er lagt stor vekt på eit regionalt nettverk for klimatilpassing. Suldal kommune støttar ei slik tilnærming. Dette vil gi auka fokus, kunnskap, kompetanse og meir samarbeid på tvers av forvaltningsnivå og sektorar. Det må vere sentralt med kursverksemd og konkret rettleiing. Dette er ikkje minst viktig for kommunar som Suldal med store areal og avgrensa administrative ressursar.

Det er viktig at samarbeid skjer mest mogleg i eksisterande fora. Mykje av arbeidet med klimatilpassing handlar om vatn. Det er derfor riktig at ein styrkar dei eksisterande vassområda på klimatilpassingstema. Å arbeide for ein god økologisk tilstand (vassforskrifta) har mykje samanfallande tiltak med klimatilpassingsarbeidet.

Sand, 24.06.2020

Øyvind Valen
rådmann

Dokumentliste:

Regionalplan for klimatilpasning i Rogaland - høyring
Regionalplan for klimatilpasning - Utredninger
REGIONALPLAN FOR KLIMATILPASNING I ROGALAND
Oppsummering fra møte om klimatilpasning i Sauda, 17. september

Vedlegg:

Regionalplan for klimatilpasning i Rogaland - høyring
Handlingsprogram_RP klimatilpasning_hÅ_ringsutkast
Kunnskapsdel_RP_Klimatilpasning_hÅ_ringsutkast
Regionalplan for klimatilpasning_hÅ_ringsutkast

Saksopplysningar**Samandrag**

Rogaland fylkeskommune har sendt regionalplan for klimatilpassing på høyring. Planen prioriterer tiltak og samhandling for å redusere risiko knytt til konsekvensar av klimaendringar, slik som meir flaum, ras, stormflo og meir gradvise påverknadar som klimaendringar gir.

Det bærnde elementet i planen er å opprette eit nettverk for klimatilpassing som kan bidra til vidare kunnskaps- og kompetanseheving, erfaringsutveksling og innovasjon i Rogaland. I handlingsprogrammet er det føreslått 21 tiltak.

Rådmannen støtter opp under de mål, delmål, satsingsområde og retningslinjer som planen legg opp til.

Fakta

Fram mot år 2100 kan vi rekna med store endringar i klimaet i Rogaland. Hovudutfordringane er venteleg auka kraftig nedbør og overvatn, flaum, stormflo og skred som følge av klimaendringar. I tillegg vil det kunne bli meir tørke, snøskred, isgang og kvikkleireskred.

Kor store konsekvensane av klimaendringar i Rogaland blir, avhenger av kor godt forberedt samfunnet er.

Rogaland Fylkeskommune har lagt fram forslag til regionalplan for klimatilpassing. Forslaget er eit resultat av ein omfattande involveringsprosess og faglege utgreiingar. Det bærnde elementet i planen er å opprette eit nettverk for klimatilpassing som kan bidra til vidare kunnskaps- og kompetanseheving, erfaringsutveksling og innovasjon.

Planen består av tre dokument:

- **Regionalplandokumentet** angir retning og prioriteringer for arbeidet. Dokumentet inneholder visjon, mål, satsingsområder og retningslinjer. Visjon og mål beskriver hva vi

ønsker å oppnå. Satsingsområdene gir prioriteringene for handling, og følger opp målene samlet. For hvert satsingsområde er det beskrevet effektmål, resultatmål, og hvilke indikatorer som skal brukes til å vurdere måloppnåelse. Retningslinjene gir rammer for videre planlegging, og følger tematisk opp de tre delmålene.

- **Handlingsprogrammet** beskriver hvilke tiltak som skal prioriteres i perioden 2020-2024. Mange av tiltakene er knyttet til hovedgrepet som foreslås i oppfølgingen av planen - et nettverk for klimatilpasning i Rogaland, der kunnskap- og kompetanseheving er sentralt. Det beskrives også anbefalte tiltak for kommunene og tiltak for Rogaland fylkeskommune. Tiltakene knyttes direkte opp mot effektmål og indikatorer.
- **Kunnskapsdelen** oppsummerer viktig kunnskap som planen bygger på. Det er utarbeidet fire faglige rapporter i løpet av planprosessen, og kunnskapsdelen gir en oppsummering av de sentrale resultatene fra disse rapportene.

Det er foreslått følgende hovudmål i regionalplanen; «Vi skal sikre et bærekraftig samfunn som er godt forberedt på, og tilpasset, klimaendringene.»

Det er videre laget 3 delmål;

- 1) Kunnskap og kompetanse
- 2) Velfungerende økosystem
- 3) Klimarobust og tilpassingsdyktig samfunn

Det er peika på fem satsingsområde, som samla sett skal følge opp hovudmål og delmål.

- 1) Klimatilpassing i alt vi gjer
- 2) Klimakunnskap og innovasjon
- 3) Samarbeid og kompetansebygging på tvers
- 4) Engasjere til handling
- 5) Tilpassing til meir vatn

I forslag til handlingsprogram (2020-2024) er det foreslått 21 tiltak delt inn i fire hovudtema:

- 1) Klimatilpassingsnettverk
- 2) Kunnskap- og kompetansetiltak
- 3) Anbefalte tiltak til kommunane
- 4) Interne tiltak for Rogaland fylkeskommune

Særleg punkt 3 omhandlar kommunane, der det blant anna blir anbefalt at det blir sett av ressursar til arbeid med klimatilpassing, at sårbarheit og klimarisiko kartleggast og at det blir utarbeid kommunale planar for klimatilpassing. Planen legg opp til et auka samarbeid og viser til at klimatilpassing må løysast på tvers av forvaltningsnivå og sektorar. Fem grep er foreslått der det er anbefalt at kommunene deltar i alle:

- 1) Etablere «klimaråd» (politisk arena)
- 2) Etablere klimatilpassingsforum
- 3) Partnerskap/samarbeidsavtaler
- 4) Styrke arbeidet som skjer i vassområda for klimatilpassingstema knyt til vassmiljø
- 5) Digitale samlingspunkt (felles nettside/digital portal)

Lover, føresegner, rundskriv

Plan- og bygningsslova, Naturmangfaldlova, Vassforskrifta mfl..

Ein regional plan er ikkje juridisk bindande, men planen skal leggjast til grunn for den kommunale planlegginga, og for regionale og statlege myndigheiter planlegging og verksemd i planområdet. Det kan bli fremma innsigelse til nye kommunale planer som ikkje er i tråd med den regionale planen.

Økonomiske konsekvensar

Tiltak til klimatilpassing vil vera viktige og kostnadskrevjande prosjekt framover.

Dei administrative kostnadane vil vere mindre enn om ein fekk klimaskadar grunna av manglande planlegging.

Vurdering og konklusjon

Regional plan for klimatilpassing er ein ny plan. Rådmannen meiner det er viktig at fylkeskommunen no løftar klimatilpassingsarbeidet opp som ei felles sak. Planen setter gode mål for korleis ein skal møte klimaendringane, og det er utarbeidd eit solid kunnskapsgrunnlag ut i frå det ein veit i dag.

Planen byggjer på ein omfattande medverknad der private aktørar, organisasjonar, statlege etatar og kommunar har deltatt gjennom planprosessen. Suldal kommune har medverka gjennom skriv, i regionalt arbeidsmøte, dialogverkstad og på digital høyringskonferanse. Inntrykket frå møtepunkta er at forslaget til regionalplanen har støtte blant dei som har deltatt i prosessen.

Det er lagt stor vekt på eit regionalt nettverk for klimatilpassing. Rådmannen støttar ei slik tilnærming. Dette vil gi auka fokus, kunnskap, kompetanse og meir samarbeid på tvers av forvaltningsnivå og sektorar. Dette er ikkje minst viktig for kommunar som Suldal med store areal og avgrensa administrative ressursar.

Mykje av arbeidet med klimatilpassing handlar om vatn. Meir nedbør og meir intens regn vil i mange tilfelle også ha konsekvensar for vasskvalitet. Å oppnå «god vasskvalitet» som er mål i vassforvaltninga heng nært saman med klimatilpassingstiltak. Det er derfor riktig at ein styrkar dei eksisterande vassområda på klimatilpassingstema. Det er i den samanheng mellom anna føreslått at Ryfylke vassområde etablerer ein kombinert stilling med dagens vassområdekoordinatorstilling. Suldal kommune er i dag vertskap for denne stillinga.

Planen gir 13 retningslinjer innafor deltema 1) kunnskap og planlegging, 2) samfunnstryggleik og naturfare, 3) overvasshandtering, 4) velfungerande økosystem, og 5) vassdrag og vassmiljø (side 55-57). Retningslinjene er utarbeidd med utgangspunkt i statlege planretningslinjer for klimatilpassing. Rådmannen meiner at desse «regionale spelereglane» er fornuftige for å oppnå dei mål som er satt i planen og for kunne handtere klimautfordringane. Open overvasshandtering, auka fokus på biologisk mangfald og vassmiljø gir og gode opplevingskvalitetar og god folkehelse.

Rådmannen meiner at det er utarbeidd ein god førstgenerasjonsplan for arbeidet med klimatilpassing. Planen vurderast å være eit godt styringsdokument for kommunen sitt vidare planarbeidet, ikkje minst kommande rullering av kommuneplanen.

24.06.2020 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Samrøystes vedtak i samsvar med innstilling

LMT- 054/20 Vedtak:

Suldal kommune støtter opp under dei mål, delmål, satsingsområde og retningslinjer som planen legg opp til. Planen vurderast å være eit godt styringsdokument for kommunen sitt vidare planarbeid, ikkje minst kommande rullering av kommuneplanen.

Det er lagt stor vekt på eit regionalt nettverk for klimatilpassing. Suldal kommune støttar ei slik tilnærming. Dette vil gi auka fokus, kunnskap, kompetanse og meir samarbeid på tvers av forvaltningsnivå og sektorar. Det må vere sentralt med kursverksemd og konkret rettleiing. Dette er ikkje minst viktig for kommunar som Suldal med store areal og avgrensa administrative ressursar.

Det er viktig at samarbeid skjer mest mogleg i eksisterande fora. Mykje av arbeidet med klimatilpassing handlar om vatn. Det er derfor riktig at ein styrkar dei eksisterande vassområda på klimatilpassingstema. Å arbeide for ein god økologisk tilstand (vassforskrifta) har mykje samanfallande tiltak med klimatilpassingsarbeidet.